



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for november 2019.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
55



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Bjørn Teigene
Visepres: Oskar Grimstad
Sekretær: Vegard Gjerde
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Sverre Jarl Ulstein
Styremedlem: Harald Elias Teigene
Ansv.red.:
Referent: Øystein Alme

Høst på heien

Korpen sitter på kirkeport
skriger så sårt mod kvæld.
Nu er det tomt, og nu er det tyst
over det vide fjeld.

Klokken ringer fra kirketårn
udover øde sletter.
På korsene rider de hekse tre
og skriger i mørke nætter.

De danser over de tuer små
og leger med dødmands ben.
Så ler de høit i den tause kvæld
og hopper på gravenes sten.

Og korpen sitter på kirkeport,
og klokken den ringer mod kvæld.
Men ingen færdes vel længere nu
over det ødselige fjeld. -

Vilhelm Krag

Referat frå Rotarymøte 4. november 2019.

Program: Røyrafest

Bjørn Teigene ønskte alle vel møtt til den årlege Røyrafesten i klubblokala våre. Frammøte vart godt då oss på denne festen har høve til å ta med ektefelle/ samboar. Songen for kvelden vart "Nordmannen" av Ivar Aasen.

I klubblokala hadde Fest/ Kameratskap komiteen stelt i stand til ein triveleg kveld med fint pynta bord, og etter song for maten vart oss servert både stor og fin røyr frå Snipsøyrvatnet. Dette grunna godver og godt fiske.

Etter ei triveleg ykt med god mat og godt prat avslutta presidenten festen og takka Fest/ Kameratskap komiteen for godt utført arbeid.

Referat frå Rotarymøte 11. november 2019.

Program: Bedriftsbesøk, Furene AS

Olav Stokke tok imot oss og samla oss på eit møterom ved kantina der oss vart servert kaffi og «fredagssnop» som han kalla det.

Olav S. tok oss så gjennom ein «powerpoint»-presentasjon som ikkje hadde med så mykje generell informasjon om Furene AS, så eg henta litt info. frå nettsidene deira:

“Furene AS er ei av landets omlag 115 arbeids- og inkluderingsbedrifter med hovudkontor i Industriområde i Volda, og avdelingar i Ørsta, Leikong, Fiskå og Ulsteinvik.

Selskapet vart etablert i 1971. Verksemda er eigd av Norges Handikapforbund (51,3 %), Møre og Romsdal Fylkeskommune og 11 kommunar på Sunnmøre og i Nordfjord. Alle opptente midlar vert brukt i verksemda. Ansvar for den daglege drifta høyrer under styret og dagleg leiar slik aksjelova krev. Bedrifta er medlem i NHO Service

I Furene AS set vi den einsskilde person sin ståstad og kompetanse i sentrum. Vi søker å styrkje den einsskilde si deltaking i arbeidslivet gjennom avklaring, kvalifisering, rehabilitering og ikkje minst motivasjon til å tru på egne ferdigheiter. Slik skaffar vi næringslivet kompetent arbeidskraft.

Hovudproduksjonen på tenestesida er avklaring, arbeidsretta rehabilitering, kvalifisering og formidling Dette vert gjennomført ved at deltakarane får prøve seg i ulike arbeidssituasjonar både i våre lokaler eller ute hos eksterne samarbeidspartnarar. Gjennom arbeidspraksis får deltakarane trening i ulike jobbsituasjonar med rettleiing, tilrettelegging og rådgjeving under heile prosessen.

Furene AS har eit omfattande samarbeid med næringslivet på Søre Sunnmøre som eit ledd i attføringsarbeidet. Vi er også leverandør av varer og tenester til fleire store bedrifter på Søre Sunnmøre. Dette gir oss mange alternativ og stor grad av fleksibilitet for utprøving av arbeidstakarar i ulike typar arbeid, både internt i våre produksjonsavdelingar, og eksternt hos våre samarbeidspartnarar.

Furene AS er leverandør av ulike tenester til NAV. Vi er godkjend arbeidsmarknadsbedrift og er leverandør av dei dagbaserte tenestene avklaring, arbeidsretta rehabilitering, arbeidsførebuande trening og oppfølging på Søre Sunnmøre”.

Olav Stokke/ «powerpoint»-presentasjon:

Furene AS er ein regional aktør med lokal plassering.
I tillegg til hovedkontoret i Furene i Volda finn du dei her:

Dragsund/ Myrvåg

Gravering og profilering

Treavdeling og mekanisk produksjon

Faste VTA (Varig Tilrettelagt Arbeid) deltakarar frå Ytre

Ulsteinvik:

Samtalerom for oppfølging av deltakarar
Kurs og undervisning
Kontor

Fiskå i Vanylven

Vaskeri for kommune og privat

Ørsta-aktivitetssenteret Bakk-Ola marka.

Kafe', kurs og aktivitetar for dei eldre i kommenen.
Utfører reinhaldstenester på bygget
Ein attraktiv praksisarena.

Formålet med forretningsdrifta er verdiskaping gjennom produksjon, service og tenester. Tene pengar.

Formålet som samfunnsansvar er å styrke den einskilde si tilknytning til arbeidslivet. Formidle arbeid.

Mekanisk

Maskinering og platebearbeiding

Laser skjerar, CNC-styrte og manuelle maskiner for bearbeiding av dei fleste typar metall og plastmaterialar.

Sveising

Ordinært sveiseutstyr til dei fleste oppgåver
Sveiserobot som utfører serieproduksjon av komponentar.

Andre teneste og produkt

«Voldaklemma». Brukt til låsing av wire-slingsar for løfting av rørbuntar.
Pulverlakkanlegg og utstyr for sand/ glas-blåsing og vasking/ avfetting.

Profilering og trykk

Skilt til stadion, fasade, hamner m.m.
Trykksaker, plakatar, flygeblad, visittkort m.m.
Roll up og banner
Gravering
Foliedekor
Frosting

Bildekor

Transfermerking, reklametrykk på tekstil.

Sal av arbeids og fritidsklær.

Catering til bedrifter og private

Utleige av kurs og møterom.

Kurs, møte, konfirmasjon eller barnedåp.
Møterom, 10-12 personar.
Undervisningsrom, 20-40 personar.
Kantine, 60 personar.

Bedriftskantine

NAV-oppdrag

Arbeidsførebuande trening (AFT)
Arbeidsretta rehabilitering (ARR)

Varig tilrettelagt arbeid (VTA)

Avklaring (avklaring og kartlegging av interesser, kapasitet og arbeidsevne som grunnlag for videre løp).

Jobbklubb

Oppfølging (tilrettelegging, oppfølging og praksisutprøving i ordinært arbeidsliv, med målsetting om tilsetjing).

Prosjekt og oppdrag

Ungdom-I UNG

Prosjekt i samarbeid med M&R Fylkeskommune knytt til «Drop out» frå utdanningssystemet. 20 ungdomar-80% tilbake i utdanning i 2018.

Karrieresenter-«karriere Møre og Romsdal»

Gratis tilbud for vaksne over 19 år

Rettleiing om utdanning og arbeid, interessekartlegging, råd til skriving av CV, søknad og til jobbinterjuet.

Kurspakkar for privat og offentleg sektor.

Kvelden var avslutta med ei triveleg omvisning i produksjonslokala, der Olav Stokke viste oss mykje av både fine maskiner og utstyr.



«Voldaklemma»,brukt til låsing av wire-slingsar for løfting av rørbuntar.



Referat frå Rotarymøte 18. november 2019.

Program: Foredrag, Idar Flø

Bjørn Teigene ønskte alle vel møtt og etterlyste dagens song, som vart «Lat oss leve», tilrettelagt for nynorsk av Ivar Grimstad.

For kurset som vert arrangert angående bruken av Rotary sine nettsider ønskte han fleire påmelde. Bedriftsbesøket på Kleven, 09.12.2019 er eit Intercitymøte saman med Ulstein Rotaryklubb. Det vert oppmøte på Kleven seinast kl.1745 for utdeling av utstyr. Vi vert så delt i to grupper der den ein startar på museet og den andre på omvisning om bord.

Anne Gry informerte om arbeidet gruppa hennar hadde utført for å prøve å finne nye medlemmar. Eit vanskeleg arbeid kunne ho fortelje, mange telefonar frå både Anne Gry, Otto Håvlid og Jan Håvard utan å kome «i mål» med nokon.

Idar Flø fekk så ordet og kunne starte på foredraget sitt, sjølv kalla han det eit slags Ego-foredrag / reise i tid.

Idar er i dag eigar av NCMC (Norwegian Centre of Maritime Communication). Foredraget starta med tida i Ship Equip (ei teknologibedrift som satsa på TV til båt). Dei vart «store» på dette.

Idar utførte sjølv mykje av dette arbeidet.

I april 1997 var Idar utsett for ei alvorleg arbeidsulykke under arbeid på ein trålar (Brattegg), der han hadde eit fall på om lag 15m. Det vart «krevande» å kome seg tilatt.

Dei var dei første som leverte tovegsinformasjon basert på satellitt. Idar selde seg utav dette selskapet i 2005.

Idar var og ombord då det tok til å brenne i maskinromet på hurtigruta «Nordlys» utafor Ålesund i 2011. Etter dette vart det utvikla ein ny standard for kommunikasjon for hurtigrutene.

NCCM sitt hovudprodukt i dag er SEA ERN, eit kommunikasjonskonsept som skal ivareta alle kommunikasjonsutfordringar som finst ombord i et moderne skip.

For å få eit optimalt samband, koblar ein saman VSAT, FleetBroadband, Iridium Pilot, ICE and GSM Data. Sambandet kan nyttast til ei rekkje kommunikasjonsføremål, som vist på plansjen.



Eit av produkta til NCCM er SEA EARN video & medic solution. Produktet er utvikla i samarbeid med Radio Medico ved Haukeland sjukehus, og tillet videoløysing der medisinsk personell på land kan guide båten sin medic både med diagnostisering og i medisinske prosedyrar.

NCCM leverer og utstyr for intern og ekstern kommunikasjon på fiskefartøy. Til dømes har dei til Rav (Peter Hepsø) levert eit system kalla «virtuel window», der strategisk plasserte kamera gjer at ein frå brua har kontroll med alle viktige operasjonar som forgår. Rav har heile 52 kamera plassert rundt om på båten. NCCM samarbeider også med Sintef om innsamling av data frå fiskeflåten for meir effektiv fangst og betre bestandsestimering.

Det vert samla inn mykje database-info om bord i båtane som ein i dag ikkje nyttar. Denne infoen kan/ vil ein no nytte til dette arbeidet.

Idar snakka og litt om kor viktig datasikkerheita vert både på landsida og sjøsida i framtida. NCCM er og med i utviklinga av «Storfjordbassenget». Muligheitene der er store med uttesting av Autonome skip, vindmøller, undervassfarkostar m.m.

Referat frå Rotarymøte 25. november 2019.

Denne kvelden vart møtet vårt avlyst då det vart utført arbeid med å legge nytt golv i klubblokala våre.